LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

KOPI

Lindås kommune
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Per Sveinar Morsund | 07.07.2017 |
| Vår: 17/476 - 17/20675 | Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no | |

# Førebels svar - Orientering om sakshandsaming - gbnr 188/800 Gjervik ytre

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad og saka har saksnummer 17/476.

Søknaden vert handsama parallelt med reguleringsendringa. Når reguleringsendringa er vedteken vil det bli gjort vedtak i søknad om rammeløyve.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter.
Dersom det er trong for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.
Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 og byggesakforskrifta kap. 7.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesaksforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesaksforskrifta § 7-2 (1).

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.
Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



KOPI

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Lindås kommune | Felles postmottak Kvernhusmyrane 20 | 5914 | ISDALSTØ |

KOPI

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Og Arkitekter AS | Kanalveien 11 | 5068 | BERGEN |

KOPI